
Fra: Olav Turvoll <Olav.Turvoll@vik.kommune.no>
Sendt: 2. mars 2016 13:40
Til: postmottak SD
Kopi: Postmottak Vik Kommune
Emne: NTP - møte med statsråden

Samferdselsdepartementet

Vik kommune ber med dette om møte med samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen.

Etter at transportetatene la fram sitt grunnlagsdokument for Nasjonal Transportplan 2018-2029 mandag 29.2. har me registrert at «vårt» prosjekt Vikafjellstunnelen ikkje er med i prioriteringane. For Vikjasamfunnet og Voss-/Sogneregionen var det eit stort vonbrot. Ministeren er godt kjent med prosjektet, og dei utfordringar vikjasamfunnet lever i med hyppige stengingar grunna uver og ras/rasfare. Det er likevel svært viktig for Vik kommune å få høve til å møta ministeren sjølv, for å orientera om den fortvila situasjonen kommunen vår er i, og også orientera om planstatus for prosjektet. Me håpar statsråden vil prioritera eit slikt møte, og ser fram til snarleg svar.

Med helsing
Vik kommune
Olav Turvoll
-ordførar-
979 52 501

#velkomentilvik